

Fra: "gry austigard fjelde" <gryfjelde@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 21.52.57
Til: uttalelse@nve.no
Kopi: postmottak@hjemmeland.kommune.no
Emne: Ang NVE- søknad om regulering av Kaldavatnet, saksnr 202224776

Hei

Me vil med dette sende ein kommentar til søknaden om regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk, saksnr 202224776.

Me er tilhøyrande til to av hyttene ved Kaldavatnet, og har stor glede av friluftsliv og natur i området. Dette er ei hei kor ein kan finna total stillhet og nyta urørt natur. Det var difor med sjokk me las om at det er søkt om regulering av Kaldavatnet. Ei regulering som vil medføre inngrep i skjør natur og tilbakeleggje eit heilt anna terreng enn det me kan nyta i dag.

Me er også skeptiske til kva dette vil bety for dyre- og fiskeliv?

Som foreldre til 3 barn, ynskjer me at dei skal få mogligheita til å oppleve urørt natur på same måte som me har fått. Ikkje berre gjennom ei historie eller eit bilete på noko som ein gong var. Den tida me lever i, gjer behov for avkopling i naturen. Den fungerer som rekreasjon for trøtte data-hovud!

Det er alt for dyrt å gjera inngrep i naturen på denne måten, for kva veit me om kva det vil bety for framtida? Det kan umulig rettferdiggjera av økonomiske årsaker, framtida er så mykje viktigare.

Gry Austigard og Stian Fjelde